

## Årsmelding og rekneskap 2009

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

Vestlandsrådet vedtek årsmeldinga og rekneskapet for 2009 slik den ligg føre

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

## **Saksframstilling**

### **Møte i Vestlandsrådet**

Vestlandsrådet gjennomførte følgjande fem møte i 2009. Eit av dei fem møte var halde ekstraordinært og hadde som mål å drøfte Nasjonal Transportplan (NTP) 2010-2019 og dei nye forskingsråda. Dette var halde i Bergen 24 april 2009. Elles vart møte haldne følgjande stader:

- 25 og 26 februar i Florø
- 26. og 27 mai i Bergen
- 16 og 17 september i Kristiansund
- 30 november og 1 desember i Stavanger

### **Ny samarbeidsavtale for Vestlandsrådet**

Strategiarbeidet starta opp i 2008 og første utkast til ny samarbeidsavtale blei utarbeidd i eit felles møte mellom rådet og fylkesutvala i mai 2009. Rådet vedtok hausten 2009 framlegg til ny samarbeidsavtale. Denne blei sendt til medlemsfylka til uttale og fylkestinga gjorde sine vedtak i desember. Vestlandsrådet fekk samstundes mynde til å endeleg godkjenne avtalen.

Avtalen legg auka vekt på det politiske samarbeidet og føreset ei styrking av den politiske leiarskapen i rådet. Mellom anna legg den opp til at det skal etablerast eit Arbeidsutval med fylkesordførarane som medlemer. AU som etablerte seg sjølv alt frå hausten 2009, skal følgje opp saker mellom møta og sjølv initiere saker til rådet.

Vidare blei det vedteke oppretta ei fast stilling som sekretariatsleiar for Vestlandsrådet. Tilsetting skjer like over nyttår 2010.

### **Samferdsle**

Nasjonal transportplan (NTP) 2010-2019 og E39 Kyststamvegen har også i 2010 vore ei viktig sak for Vestlandsrådet.

Rådet hadde ein samla presentasjon i samband med Transport- og kommunikasjonskomiteen si høyring om NTP den 11.05.09. Hovudpunkt i presentasjonen var E39 med ei felles prioritering og rammer til øvrige riksvegar. Framlegget til NTP syntetiserte at Vestlandsrådet sitt fokus på og arbeid for Kyststamvegen har bore frukter når ein ser på dei føreslegne investeringstiltaka på strekninga i planperioden.

I samband med behandlinga av statsbudsjettet for 2010, orienterte rådet den 03.11.09 Transport- og kommunikasjonskomiteen om utfordringar knytt til E39 Kyststamvegen. Tema var mellom anna rassikring og ferjefri Kyststamveg. Vidare tok ein opp behovet for hamner med internasjonal standard, riksvegsferjer med universell utforming og Stadt skipstunnel.

### **Ekspressbuss Vestlandet**

Prosjektet ”Ekspressbuss Vestlandet” er eit prosjekt som tek sikte på å betre det fylkeskryssande ekspressbusstilbodet på strekninga Stavanger – Bergen – Trondheim. Prosjektet er initiert av Vestlandsrådet, og finansiert med mellom anna KID-midlar. Tanken er å ruste opp rutetilbodet som eksisterer i dag, til eit høgfrekvent gjennomgående tilbod.

Vestlandsrådet har i 2009 hatt prosjektet ”Ekspresbuss Vestlandet” på dagsorden i fleire møte. Utfordringar i høve konkurranselova gjer at eit samordna ekspresbusstilbod Stavanger-Trondheim ikkje let seg gjennomføre etter intensjonane. Saka blei utsett på siste møte i rådet i 2009, men vil bli følgt opp i juni møtet i 2010. Til møtet i juni skal det vere gjennomført avsluttande møte med Samferdsledepartementet og det blir lagt fram ein sluttrapport.

### **EU sin maritime politikk**

Saka var på dagsorden i 2008 og ei politisk nedsett arbeidsgruppe følgde opp i 2009. Det vart utarbeidd ein eigen rapport som handla om å identifisere kva for handlingspunkt EU har sett fokus på og som samstundes har særleg relevans for Vestlandet. Men den handla òg om å etablere ei distinkt politisk og næringsmessig ”stemme” gjennom etablering av ein maritim region på Vestlandet. Den politiske dimensjonen var knytt til EU sitt prinsipp om å skape ein best mogeleg nærliek til avgjerdssprosessen som mogeleg, i tråd med subsidiaritetsprinsippet. Den næringsmessige dimensjonen handla om å ta tak i det som vi er særleg gode både på – nasjonalt og internasjonalt – nemleg kunnskapsbasert næring og forsking innan marin og maritime næringar. Det er dette som er Vestlandet sin kapital med omsyn til å etablere ein vekstkraftig maritime region på Vestlandet.

Arbeidsgruppa si tilråding blei handsama på møtet den 17.09.09. Rådet slutta seg til vurderingane og handlingspunktene i rapporten. Vidare vil Vestlandsrådet no ta initiativ til å etablere eit maritimt nettverk på Vestlandet. Dessutan konstaterer ein at EU sin maritime strategi inneber at Vestlandet sitt engasjement i regionale arenaer som CPMR og Nordsjøkommisjonen må styrkast.

Arbeidsgruppa har elles hatt god dialog med nasjonale styresmakter og lagt fram arbeidet m.a. på Europapolitisk Forum sitt årsmøte i Bergen. I tillegg vart representantar frå gruppa inviterte til å møte EU kommisjonen representert ved DG Mare i Oslo i juni 2009

Ei politisk nedsett styringsgruppe skal syte for vidare oppfølging av saka.

### **Kystskogbruket**

Vestlandsrådet behandla Melding om kystskogbruket i 2008.

Som ei oppfølging av meldinga blei det utarbeidd eit ”Felles fylkeskommunalt oppfølgingsprogram”. Vestlandsrådet har sluttat seg til dette programmet gjennom å utnemne Jan Magne Dale som politisk representant i styringsgruppa. Rådet vil utover dette engasjere seg i aktuelle problemstillingar som naturleg ligg til landsdelssamanslutningane. Vidare meiner rådet at vurdering og oppfølging av meldinga i første rekke vil vere eit ansvar for næringa, fylkesmennene og fylkeskommunane. Til slutt føreset rådet at fylkeskommunane sjølv tek stilling til finansieringa av si deltaking i programmet.

### **Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar**

Vestlandsrådet blei orientert om status for arbeidet i eiga sak den 01.12.09. Frå 2008 blei prosjektet etablert som felles, fullskala program for dei fire Vestlandsfylka i regi av Vestlandsrådet. Vestlandsfylka skal vere internasjonalt leiande på utvikling og kommersialisering av nye marine oppdrettsartar. Rammene for satsinga er definert i Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar. Torsk, kveite, blåskjel, kamskjel, hummar og kråkebolle er utpeika som veleigna artar for kommersiell næringsverksemd.

Interessa for næringsverksem basert på oppal av desse artane er veksande, med mange små, risikovillige aktørar. Finansieringa av tiltaka har likevel vist seg å vera ei utfordring. Eksisterande finansieringsordningar for oppdrettsnæringa er ikkje tilpassa denne typen småskalaverksemd

Vestlandsprogrammet disponerer fire millionar kroner i friske midlar kvart år, men bransjen sine forventningar er langt større. Programstyret har så langt i år motteke 14 søknadar, om eit samla finansieringsbehov på 16 millionar. Den samla verdien av tiltaka utgjer 56 millionar.

Sterkare politisk styring på tvers av fylkesgrensene vil vera ein føresetnad for å få på plass dei naudsynte endringane i det offentlege vekemiddelapparatet.

Det er den politiske gruppa som har ansvaret for å følgja opp EU sin maritime strategi i Vestlandsrådet som skal syta for å behovsretta finansieringsordningane for næringsverksemd basert på nye oppdrettsartar.

### **Verftsnæring og finanskrisa**

Vestlandsrådet behandla stoda i verftsnæringa i eiga sak i møtet den 01.12.09.

Rådet gjorde vedtak om å engasjere seg for at det blir etablert ordningar som bidrar til å motverke negative effektane av redusert etterspørsel og manglende finansiering innanfor verfts- og skipsindustrien.

I første omgang ville rådet sende brev til næringsministaren og be om møte. I vedtaket peiker rådet vidare på aktuelle tiltak for å møte krisa. Næringsministeren sa seg tidleg interessert i eit møte og har no invitert AU til møte 5 februar 2010.

### **EXPO 2010 og samarbeidsrelasjonar med Kina.**

Vestlandsrådet vedtok å sende ein delegasjon til EXPO 2010 i Shanghai. Delegasjonen skal mellom anna sjå nærmare på grunnlaget for å etablere kontakt med den kinesiske marknaden i partnarskap med sentrale nærings- og samfunnsaktørar på Vestlandet og elles vurdere framtidige relasjonar med Kina.

### **Fagskulane**

I desembermøte 2009, vart Vestlandsrådet samde om å be AU om å ta opp spørsmål om finansiering, organisering og utvikling av fagskuletilbodet i dei fire fylkeskommunane / fylka på Vestlandet. Bakgrunnen for dette initiativet skrivs eg frå at forvaltning og finansieringsmodellen for fagskulane truleg vil slå særleg sterkt – og skeivt - ut for fylka på Vestlandet ettersom vi har eit etter måten stort fagtilbod her – særleg innan maritime fag. AU har sendt eit eige brev til Forum for fylkesopplæringssjefar og bedt om å bli orientert om arbeidet som er starta her. I tillegg er dei fire fylkesopplæringsdirektørane bedt om ta eit særleg initiativ for fagskulane på Vestlandet. Saka er ikkje avslutta og vil bli følgt opp vidare.

### **Oppdrettskonsensjonar**

Med m.a. bakgrunn i at Rogaland og Hardangerfjorden ikkje fekk nye løyve til oppdrett av matfisk av laks og aure i sjøvatn i tildelingsrunden 2009, vart det lagt fram ei sak for Vestlandsrådet. I saka vart det peika på at Vestlandsrådet er uroa over negative konsekvensar på kort sikt for verksemndene som er etablert i unntaksområda, med manglane vekst og utviklings mogeligheter. På lengre sikt vil det vera annleis når alle tiltaka som er sett i verk for betre fiskehelse- og miljøsituasjonen får effekt. Vestlandsrådet vedtok at det skulle sendast eit eige brev til Kyst- og fiskeridepartementet om ulike sider ved oppdrettskonsesjonar på Vestlandet.

### **Høyring – Konkurranseutstetting av Kystruta Bergen-Kirkenes (Hurtigruta)**

Vestlandsrådet handsama på møte i februar ei eiga sak om Kystruta (i dag Hurtigruta ASA). Bakgrunnen var eit ønske frå Samferdsledepartementet der dei ba om innspel til alle

utlysingsparameter i ei ny konkurranseutsetting, men var særleg interessert i vurdering av kystruta si betyding for gods- og persontransport i det enkelte fylke/region, av dagens frekvens og seglingsmønster (sommar/vinter) samt behovet for minimumskapasitet tilpassa distansereisande for skipa.

Vestlandsrådet peike i saka på at Hurtigruta er ein svært viktig transportfunksjon for Vestlandet og for Kyst-Noreg. Rådet meinte vidare at det arbeidet Kystruta i dag representerer, må få auka fokus på Vestlandet i framtida. Det er òg viktig at ein står samla bak dette unike produktet. Trass i at det finst lokale alternativ til Kystruta, er det likevel naudsynt å oppretthalde Kystruta for å sikre ein akseptabel infrastruktur og trygge transport til personar og naudsynte varer og gods. Særleg er Kystruta avgjerande for transport av personar og gods over lengre avstandar.

Kystruta er òg særsviktig for næringslivet i dei hamnene som vert besøkt av Kystruta. Ikkje minst gjeld det reiselivet. Og det er her Kystruta – og dagens Hurtigrute – har bygt opp si merkevare. I vedtaket viste Vestlandsrådet elles til kravet til universell utforming og bruk av miljøvenleg teknologi.

### Båtrute til England

Båtruta mellom Bergen/Haugesund/Stavanger og Newcastle vart lagt ned hausten 2008 med store konsekvensar for både reiselivsnæringa og for transport av industrivarar og fisk frå Vestlandet til Storbritannia. Vestlandsrådet la fram ei eisa sak om dette i desembermøte 2009 og peikte på at det no er trøng for å løfte saka om ”130 års fast tilknyting til Storbritannia” opp som ei viktig politisk sak for Vestlandet. I vedtaket frå Vestlandsrådet går det fram at rådet vil delta i eit breitt politisk initiativ frå Vestlandet for å finne ei løysing med sikte på gjenoppretting av ei framtidssretta heilårleg båtrute frå Newcastle til Vestlandet.

### Andre saker

- ✓ Vestlandsrådet har i 2009 løyvd
- ✓ Kr. 250.000 til ”Ekspressbuss Vestlandet
- ✓ Kr. 100.00 til NORA (Nordisk Atlantsamarbeid)
- ✓ Vedtak om å slutte seg til fråsegn frå Møre og Romsdal fylke om nedlegging av Sellafield.
- ✓ Uttale om at Vestlandsrådet støttar framskunding av ny forvaltningsplan for Nordsjøen og Skagerak.
- ✓ Uttale om fiskerihamn på Rabben-Salthella i Austevoll – delegert til AU.
- ✓ Oppfølging i høve midlar til Statens Vegvesen for administrering sams vegadministrasjon.
- ✓ Vestlandsrådet har spelt inn ein merknad i form av høyring til EU om ny fiskeripolitikk
- ✓ Spørsmål om folkehelsearbeidet har òg vore oppe i Vestlandsrådet. Denne saka blir følgt opp gjennom KS og fylkesordførarkolleget.

### Arbeidsutvalet (AU)

Arbeidsutvalet (AU) vart etablert i 2009 og hadde to møter – eit i oktober og eit i desember 2009. Møtet i oktober var gjennomført dels i form av ein videokonferanse ettersom ein av deltakarane ikkje kunne delta i Bergen. Det andre møtet var eit telefonmøte. AU drøfta til saman 22 saker / drøftingspunkt. Sakene gjeld i stor grad saker som AU hyar spelt inn til Vestlandsrådet som t.d. Englandsbåten, Verftsnæringa, oppdrettskonsesjonar, kraftlinjer på Vestlandet, for å nemne nokre, men òg saker som Vestlandsrådet ønsker at AU skal ta vidare som t.d. fagskulane og folkehelsesatsinga i fylkeskommunane, EXPO 2010, osb. Eigne saker er vidare innspeil til EU

kommisjonen om oppdatert ”Lisboastrategi – EU 2020 – som grunna tidsavgrensing ikkje kunne handsamast i rådet.

## Rekneskap 2009

Kr.

### Inntekter 2009:

Overført frå 2008	1 718 620,72
Overført frå fylkeskommunane 2009	1 000 000,00

### Til disposisjon 2009

Av dette bindingar

**2 718 620,72**  
582 542,95

### Utgifter 2009:

1209 Ymse driftsutgifter	4 394,00
1400 Annonser	91 414,50
1404 Trykking og kopiering	1 030,00
1701 Reise og opphaldsutgifter	71 181,12
3700 Kjøp frå andre	20 295,04
4700 Overføring	267 122,04
5009 Renter	345,99
Sum utgifter	455 693,46
Til overføring 2010	2 262 927,26

Utgiftene i 2009 kan fordelast slik på hovudaktivitetar:

Samferdsle	51 477,19
------------	-----------

Møteavvikling, administrasjon, trykking, heimeside etc.	288 986,27
NORA	115 230,00

**Til saman** **455 693,46**

Midlane frå Kyststamvegutvalet er avsett os skal nyttast til samferdsleføremål. Det vart overført kr. 482 542,95 av desse midlane frå 2009. Utgiftene knytt til samferdsleføremål i 2009 vert belasta den avsetjinga.

I 2008 løyvde Vestlandsrådet 100 000 kr. til utgreiing om styrking av den regionale rolla i den nasjonale kulturpolitikken gjennom overføring av oppgåver og ressursar til det regionale folkevalde nivået. Desse er førebels ikkje nytta og er ført opp som binding i 2010.

Overførd løyving frå 2009		2 262 927,26
Bindingar:		
Kyststamvegmidlar overført til 2010	431 065,76	
Utgreiing om styrking av den regionale rolla i den nasjonale kulturpolitikken	100 000,00	
<i>Sum bindingar</i>		531 065,76
Til disposisjon inn mot budsjett 2010		1 731 861,50

---

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Trond Ueland

Arkivsaksnr.: 10/6

---